

– Folk utan sjølv- innsikt er farlege

– Middelaldrande menn er best på radio eller i mørkret, meiner forfattaren Rønnaug Kleiva. Ho sullar mykje, pleiar føtene sine, synest det nynorske miljøet er ubehageleg lite og skriv om vondsken. Å flytta heim til Ørsta vil ho ikkje, for der er det ikkje akseptert å skriva om anna enn fjell og fjord.

Cecilie N. Seiness
cecilie@dagogtid.no

RØNNAUG KLEIVA

- Snart 50 år
- Debuterte i 1985 med diktsamlinga *Animasjon*
- Har gjeve ut dikt, prosalyriske bøker og bøker for barn og ungdom
- Særleg kjend for barneboka *Ikkje gløym å klappa katten*
- Har fått Noregs Mållags barnebokpris, Samlagsprisen, Kritikkarprisen for barne- og ungdomsbøker og Kulturdepartementets barnelitteraturpris
- Utdanna lærar
- Tre barn
- Busett i Oslo

Me er på utestaden Håndverkeren i Oslo, og me har vore der før. Sist gong drog eg setningane ut av forfattaren Rønnaug Kleiva. Ho sat på stolen som ein mjølsekk. Hadde skriva barneboka *Ikkje gløym å klappa katten*, ei bok som har vorte prisa og hylla, men forfattaren var heilt utan evne til å snakka for seg.

– I alle dagar, tenkte eg, og så kom det: – Eg har kjærleikssorg, sa Kleiva bleik i andletet, tappa for livsgneist, heilt utan interesse for si eiga boka om katteklapping.

Humøret er eit ganske anna nokre år seinare, ein mild septemberdag i Oslo. Kleiva er på ny aktuell med bok, denne gong novellesamlinga *Fangeteneste*. Dessutan fyller ho om ikkje lenge 50 år.

Rønnaug plasserer brillene på nasen og skjenker te.

– Eg må ha på meg brillene når eg skal gjera slikt. Eg vurderer linser. Eg kan ikkje sminka meg lenger for eg ser ikkje skikkeleg, og di eldre ein blir, di meir treng ein å pynta seg, seier Kleiva og ler med eit ungdommeleg andlet som er sirleg sminka og ein leppestift som ligg der han skal.

Til 50-årsdagen ønskjer ho seg to ting: større arbeidskapasitet og ein Swiss army-overlevingskniv.

– Du veit slike små knivar som har alle funksjonar, slike som er greie å ha med på reise.

– Kva skal du bruka overlevingskniven til då? Skru fast ein laus skrue på eit tog før det er for seint?

– Ja, før den totale avsporinga.

– Er ikkje arbeidskapasiteten din stor nok?

– Nei, eg sullar mykje. Eg skriv om morgonen og då har eg brukt opp kreftene. Eg gjer lite, og får eg ikkje sulla, vert eg stressa. Eg går rundt og passar på arbeidsevna mi, og så lagar eg ein god del mat. Eg er forholdsvis god til det.

– Vil du kalla deg livsnytar?

– Eg skulle gjerne ha vore det.

Skal Kleiva vera etterpåklok og seia noko om kva ho eigentleg driv med, kva forfattarskapen hennar handlar om, vil ho oppsummera prosjektet sitt slik:

– Me har vondskep i oss, men vondsken er ikkje farleg så lenge me er klare over han, men dersom me er uvitande om vondsken i oss sjølv, er me farlege, då reagerer me i hytt og ver. Det handlar skrivinga mi om. Eg vil at folk skal sjå seg sjølv for å handla klokt. Folk utan sjølvinnsikt er farlege, seier Kleiva.

Ho debuterte i 1985 med diktsamlinga *Animasjon*. Då var ho ein 33 år gammal lærar. Ho byrja å skriva ganske plutselig.

” Ein kan sleikja
beina mine utan fare
for infeksjonar

Ho prøvde om ho kunne skriva og forstod fort at ho fekk det til. Etter at ho debuterte, gjekk ho forfattarstudiet i Bø.

– Det er typisk at det er ei dame som går forfattarstudiet etter at ho har debutert.

Kleiva likte lærarjobben, var flink til å organisera, men ikkje alltid like glad i ungene. Etter kvart skreiv ho på heiltid og flytta frå Ørsta, først til Bergen, seinare til Oslo. Ho flytta etter ein mann, på lasset, men det var òg for trøngt i Ørsta. Ho kan ikkje tenkja seg å flytta tilbake.

– Det er rom for forfattarar på stader som Ørsta, men då må ein halde seg innanfor ein del grenser som eg ikkje ville halde meg innanfor.

– Kva grenser tenkjer du på?

– No kjem dei til å drepa meg der heime, men der kan ein skriva bøker om fjell og fjord, men det er ikkje akseptert å eksperimentera med form og skriva nedbrytande bøker slik som eg gjer. Eg er veldig glad eg kom meg derifrå. Oslo er ein herleg by, ein liten, koseleg by. Fleire

nynorske forfattarar burde bu her, seier Kleiva.

Nynorske forfattarar er ei lita gruppe som sel få bøker. Kleiva kan kjennta at det er freistande å skriva bokmål, men til no har det ikkje vore aktuelt.

– Det er eit problem at det nynorske miljøet er altfor lite. Det er ubehageleg lite, seier Kleiva bestemt.

Spør ein om namnet på ein nynorsk forfattar, er det ikkje så mange som nemner Rønnaug Kleiva, sjølv om ho har skriva i 16 år. Det kunne Kleiva ønskja at dei gjorde.

– Eg har aldri hatt anlegg for marknadsføring. Eg må berre halda fram med å skriva gode bøker og kryssa fingrane. Menn har lettare for å verta tekne alvorleg. Det gjeld bøker på same viset som alle andre område i samfunnet. Det er ikkje like stas med middelaldrande kvinner som middelaldrande menn. Hadde dei endå vore vakre desse middelaldrande mennene, seier Kleiva oppgitt.

– Tenk berre på alle desse rosinbolle-fjesa i Dagsrevyen. Det er ikkje mykje vakert. Middelaldrande menn er best på radioen eller i mørkret, konstaterer Kleiva.

– Men du hissar deg ikkje opp over at du ikkje får meir merksemd?

– Eg har bestemt meg for å ikkje hissa meg opp over anna enn det som gir meg glede, seier Kleiva lurt.

Ho er kvinnesaks kvinne og vil gjennom det ho skriv, formidla eit anna kvinnebilete enn det tradisjonelle. Ho har ikkje vore redd for å skriva om lystne damer. Diktsamlinga *I ovnen er lammet* frå 1995 er ei erotisk samling.

– Gjennom forfattarskapen min vil eg vera med på å utvikla kvinnerolla, akseptera ei breiare kvinnerolle. I dei erotiske dikta skreiv eg om ei meir aktiv og handlande kvinne, kvinner som definerer og grip situasjonen. I barnebøkene mine bryt eg med biletet av snille småjenter. I oppdraginga av barna mine har eg vore temmeleg kvinnesaksorientert.



– Eg er spent på korleis denne boka vert motteken. Det er ei desillusjonert og desillusjonerande bok, seier Rønnaug Kleiva. Men ho er ikkje redd for reaksjonane, ho har nemleg tidlegare opplevd å få bokmeldinga «Vik unna».

Foto: Cecilie N. Seiness

Det idylliske har aldri fascinert Kleiva. I sommar reiste ho tre veker aleine i Montenegro, Serbia og Kroatia. Ho er glad i Balkan, og det var ho den tida Nato bomba òg.

– Eg likar den motsetningsfylte musikken og galgenhumoren. Idyllar kan vera fint, men etter ei stund vil eg stikka av når det vert for trasig.

Titlane og handlinga i dei nye novellene hennar avspeglar noko ganske anna enn idyll: «Ei kvinne steller i huset og passar på ungane sine før ho drep seg» eller «Ei kvinne blir forlaten og drep ei av dotrene sine». Tittelen på prosasamlinga, *Fangeteneste*, spelar på metodar som vart nytta i militæret inntil for eit par år sidan. Ungutar vart herja med for å sjå kor lenge dei heldt ut før dei braut saman.

– Alle bryt saman etter lang eller kort tid dersom dei blir behandla dårleg. Vert me pressa tilstrekkeleg, bikkar me. Slik lever me alle saman. Menneska eg skriv om, klarar seg. Dei bryt ikkje saman, sett bort frå ho som drep dottera si. Det gjil eg for så vidt kalla eit samanbrot.

– Og ho som tek livet av seg sjølv, det er vel òg eit samanbrot?

– Ja, men det er ikkje så gale. Det er verre å drepa dottera si. Å drepa seg sjølv er ei ærleg sak, men det er ikkje særleg bra. Dei fleste eg skriv om går vidare sjølv om dei er øydelagde eller nedbrotne. Det er ein resignert, positiv tekst, og eg skriv usentimentalt og lite romantiserande.

Vanlegvis har me mykje romantikk kring det me sjølve og andre gjer. Det er ein overlevingsmekanisme. Det har eg teke bort, difor verkar tekstane råde, men dei eg skriv om, har ei viss omsorg for kvarandre og meir enn det har ikkje folk omsorg for kvarandre. Vanlegvis dekkjer me til raskapen for å behalde sjølvbiletet.

– Meiner du at det same gjeld i USA?

– Ja, USA dekkjer til mykje raskap. Dei bør gå i seg sjølve og tenkja litt og ikkje handla for fort. Det er ikkje pent gjort å drepe 6000, men det er mykje anna som heller ikkje er pent gjort. Eg forstår at USA reagerer, men dei burde tenkja på raskapen som ligg føre denne raskapen. Eg er av dei som nesten reagerer mot nordmenn som grin fordi 6000 menneske er drepte i USA. Eg synest det er usmakelig, men det er aldri pent å drepe 6000.

Ei av novellene handlar om tre damer som klatrar i fjellet. Den eine fyller snart 50 år, og på klatreturen planlegg dei den komande dagen. Ei av damene fell utføre fjellhylla og forsvinn. «Dei to andre går til staden der ho fall og kikar ned, men ho svarer ikkje. Dei konkluderer med at det er lite dei kan giera og går tilbake dit dei var tidlegare.» Teksten har Kleiva òg utarbeidd til radioteater, og han skal på lufta 14. oktober. *Kvinner med fingermanualer* heiter forteljinga i radio-utgåve.

– Han er litt rå den teksten, seier Kleiva.

– Ville du ha reagert slik som desse damene gjer?

– Det er ikkje godt å seie korleis eg ville ha reagert, men for dei handlar det om å overleva. Eg håpar dei får ein etterreaksjon, noko posttraumatisk. Om menn oppførte seg slik desse to kvinnene gjer, ville dei få positiv respons fordi dei tek det med ro og beheld kontrollen. Oppfører kvinner seg på same viset som menn, då reagerer me.

– Vil du skildra kalde og kjensleause forhold mellom menneske?

– Boka er skriven som eit kjølig filmmanus. Dei eg skriv om gjev ikkje uttrykk for store kjensler, verken positive eller negative. Dei er på eit nullpunkt, men eg har alltid hevda at nullpunktet er ein utmerkt plass å vera og det mest realistiske.

– Du skriv om ei kvinne mannen foret, så drep ho den eine dottera si...

– Ja, det er ikkje kvardagskost. Takk og pris. Men sjølv for henne går livet vidare. Det kjem ein mann og vil sjekke henne opp, bryt Kleiva inn på sitt kjøppe, lægmelte sunnmørsspråk.

– Kva med henne som får elskaren til å hjelpa med å flytta faren som er død frå senga til sofaen fordi det er betre for henne sjølv å sova i senga. Ville du gjort det?

– Om eg hadde vorte beden om å flytta ein død mann, hadde eg nok vorté så perpleks at eg ville gjort det. Trur ikkje du? Det seier litt om forfall. Det er mykje for-

fall i denne boka. Mange feite kroppar og dårlege tenner.

– Du er kjent for å skriva litt rått. Er det...

– ...det einaste eg kan? Eg er mjuk og mild òg eg, seier Kleiva forførende.

– Men du er då ganske ram òg?

– Det eine utelukkar ikkje det andre. Barneboka *Om dagen kan ein flyge* som eg gjev ut i haust, er snill og god. Det er ei klassisk historie om eit barnebarn som besøkjer bestemora si. Eg bannar heller ikkje i den boka.

Kleiva veit kva ho ønskjer seg til 50-årsdagen, men ho vegrar seg mot å feira seg sjølv. Ho synest ikkje ho har gjort nok.

– Eg burde ha slått gjennom meir, men når eg blir 60, då kan eg feira. No vil eg ha tid til å skriva. Eg håpar at dei ti beste arbeidsåra mine kjem no, kanskje 20 visst eg er heldig. Eg må passa på helsa mi.

– Ja, du passar godt på beina dine har eg høyr?

– Ja, fotbad minst tre gonger i veka. Beina er utruleg viktige. Ein kan sleikja beina mine utan fare for infeksjonar, seier Kleiva smilande.

– Eg håpar det var litt lettare å intervju meg denne gongen, seier Rønnaug Kleiva.

Ja, visst. Denne gongen snakkar ho av seg sjølv. Ho legg ny leppestift før fotografiering. Raudfargen får ho på plass trass i dårleg syn.